



Føresette

Vår referanse: 2023/206068-1  
Saksbehandler: Ingvild Christine Lysen  
Dato: 7. august 2023  
Deres ref.:

## Informasjon om nasjonale prøvar 2023

Elevane våre på 5. trinn skal snart gjennomføre nasjonale prøvar. Prøvane blir gjennomførte i perioden 4.-29. september. Vi set pris på om de unngår lege- og tannlegetimar dagane kor prøvane skal gjennomførast. Dei nøyaktige datoane for kvar enkelt prøve vil kome fram av vekeplanen til trinnet.

### Kva er nasjonale prøvar?

Føremålet med nasjonale prøvar er å gje skulane kunnskap om elevane sine grunnleggjande ferdigheter i lesing, rekning og engelsk. Informasjonen frå prøvane skal danne grunnlag for undervegsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå i skulesystemet. Elevane på 5. trinn skal gjennomføre nasjonale prøvar i lesing, rekning og engelsk. Prøvane er elektroniske. Det tek inntil 90 minuttar å løyse ei prøve i lesing og rekning, mens det tek inntil 60 minuttar å løyse ei prøve i engelsk.

### Kva slags oppgåver skal elevane løyse?

Nasjonale prøvar gir informasjon om elevar på alle nivå. Derfor har prøvane både lette og vanskelege oppgåver. Det er veldig få elevar som får alt riktig på prøva. Alle prøvane er elektroniske, og dei består av ulike tekstar, bilete og oppgåver med spørsmål. På opne oppgåver skal elevane svare med eigne ord eller med tal, mens på fleirvalsoppgåver skal elevane velje eitt av fleire svaralternativ.

### Korleis skal nasjonale prøvar brukast?

- Lærarane skal bruke resultata for å følgje opp elevane sine og i arbeidet med undervegsvurdering og tilpassa opplæring.
- Kommunar og skular skal bruke resultata som grunnlag for kvalitetsutvikling i opplæringa.
- Forskarar kan søkje om å få utlevert resultat frå nasjonale prøver til bruk i forsking.

Prøvane og resultata gir informasjon om enkeltelevar, grupper, trinn og skular, som lærarar og skuleleiarar treng for å utvikle skulen vidare. Resultata frå dei nasjonale prøvane gir eit avgrensa bilete av dei ferdighetene og den kompetansen elevane har. Ein må derfor alltid sjå resultata i samanheng med anna relevant informasjon ein har om skulen, kommunen og elevane.

## Fritak

Prøvane er obligatoriske for alle elevane, men skulane kan vurdere å innvilge fritak til elevar som har vedtak om spesialundervisning eller rett til særskild norskopplæring. Elevane kan berre få fritak dersom det er klart at prøveresultata ikkje vil ha mykje å seie for opplæringa vidare. Sjølv om ein elev har rett til fritak, kan eleven sjølv eller dei føresette, bestemme at eleven gjennomfører prøven. Ta kontakt med skulen for å søke om fritak om dette er aktuelt for ditt barn. Du kan kontakte avdelingsleiar på 5. trinn, Ingvild Christine Lysen i Vigilo, om du har spørsmål.

## Tilrettelegging for enkeltelevar

Enkelte elevar kan ha behov for tilrettelegging når prøvane skal gjennomførast. Avdelingsleiar har i samråd med lærarane ansvar for tilrettelegginga. Tiltaka skal ikkje gå utover ferdigheita som prøven måler.

Ta kontakt med avdelingsleiar dersom du har spørsmål til dei nasjonale prøvane.

Med vennleg helsing  
Ingvild Christine Lysen, avdelingsleiar 5. trinn

*Dokumentet er godkjent elektronisk.*

